



Einar Bratland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1696 - 16/3694

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
24.02.2016

Flytebryggje på gbnr 10/100 i Meland kommune

Det vert vist til Meland kommune sitt brev av 5.6.2015 («*Førespurnad om bruk av gbnr. 10/100 i Meland kommune*») og dykkar svarbrev datert 28.sm.

Basert på opplysningane i sistnemnde brev legg kommuneadministrasjonen til grunn at det er lagt ut ei flytebryggje på gbnr. 10/100 som krev søknad og kommunal godkjenning, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1 og § 20-2. For god ordens skuld kan det påpeikast at tilsvarande søknadsplikt òg følgde av regelverket som gjaldt då bryggja vart flytta frå gbnr. 10/95 til gbnr. 10/100. I medhald av Havne- og farvannsloven er utlegging av flytebryggje i tillegg avhengig av godkjenning frå Bergen og Omland havnevesen.

Kommunen sett med dette frist til 1.4.2016 for enten

- a) innsending av søknad om løyve til utlegging av flytebryggje i medhald av pbl. kap. 20, eller
- b) fjerning av eksisterande bryggje og tilbakeføring av tiltaket elles.

Dersom dykk vel å søke om byggjeløyve kan du kontakte kommunen for nærmare informasjon om byggjereglar, planstatus og sakshandsaming, samt utlevering av situasjonskart og aktuelle søknadsskjema. Om dykk i staden vil fjerne bryggja ber kommunen om at det innan nemnde frist vert sendt inn både stadfesting på dette og bilete som viser at tiltaket er tilbakeført.

Med venleg helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

